



MENTAL HELSE
FJORD

Årsmelding 2024 - 2025

Styret hadde slik samansetjing:

Anna Margrethe Draegebø Moe – leiar

Jorunn Vestre - kasserar

Marit Abelvik - styremedlem

Torill Sandvik – styremedlem

Ingebjørg Vestre – varamedlem

Arna Øvrebusk – varamedlem

Varamedlemmene vert kalla inn til styremøta.

Valkomit  :

Brit Skjelten, Anne Jorunn Nilsen og Randi Holmen Vestre – valt for 1   r

Revisorar:

Reidun Torpe Langhaug og Torbj  rn Hove – valt for 1   r

Seinare valde styret Anna Margrethe til sekret  r og studieleiar.

Styret har hatt 8 m  te og behandla 60 saker.

Informasjon og synleggjering

I tillegg til eiga nettside og FB-side, vart Mental Helse Fjord synleggjort i Bygdebladet og Storfjordnytt samt p   Opplevfjord.no.

Fjord kommune arrangerte eigenberedskapsveke med stand p   Coop. MH Fjord blei spurt om    stille p   stand, og Anna Margrethe stilte.

Heimesida blei brukt aktivt med j  mnleg oppdatering for    informere medlemmene og markedsf  re Mental Helse Fjord. 35 artiklar vart lagt ut i   rsm  teperioden. Artiklane vert delte p   facebook. Anna Margrethe er redakt  r.

Markering av Kvinnedagen 8. mars i Valldal skjedde ved samarbeid mellom Fjord SV, Fjord AP, Valldal Helselag og Valldal Bygdekvinnelag og MH Fjord. Ingrid L  set var v  r representant i gruppa. Temaet var *Kroppspress*.

Temaet for markeringa av Verdensdagen for psykisk helse var: *Vi treng    snakke meir saman #gje 8 minutt*. I samarbeid med Stordal helselag arrangerte vi markering i Stordalshallen med godt framm  te i grendasalen 15. oktober der Lars Zachariassen heldt foredrag/k  serte. Big Valley Voices hadde kulturelt p  fyll. Psykiatrisk sjukepleiar orienterte om tilbodet innan psykisk helse i kommunen. Mental Helse sentralt, Stordal Helselag, Sparebanken M  re (Teftmidlar) og MH Fjord dekte kostnaden.

Dagrun Vikesland i organisasjonen Leve og Landsforeninga for etterlatte ved sjølvomord, stod for markering av Verdensdagen for sjølvomordsførebygging den 10. september i Valldal. MH Fjord vart invitert til å vere med og bidra, og Valborg Haugen møtte.

Studiearbeid

Mental Helse Fjord gjennomførte 15 kurs knytta til aktivitetar i lokallaget. Kursa utgjorde i alt 108 timer med 86 deltarar. Som deltarar tel dei 4 som har gjennomført minst 75 % av kurset. Dei fleste aktivitetane kan rapporterast til Bufdir gjennom Mental Helse som likepersonsaktivitetar. Begge ordningane skaffar midlar til drift av lokallaget.

Deltaking på samlingar, seminar, kurs o.l.

MH Skodje/Ørskog inviterte alle lokallaga i fylket til lokallagstrekk i juni. Frå oss deltok 11 medlemmer.

Mental Helse sentralt inviterer alle tillitsvalde til webseminar. Ingebjørg og Anna Margrethe deltok på *Likepersonsarbeid*, Anna Margrethe deltok på *Verdier og trygghet i et styre*, *Opplæring i nytt medlemssystem* og *kursregistrering Funkis*.

FFO, SAFO og Unge funksjonshemma har laga eit opplæringsopplegg for råda for personar med funksjonsnedsetting. I mars vart råda på Sunnmøre invitert til kurs i Ålesund, der Ingrid Løset og Anna Margrethe møtte som medlemmer i rådet i vår kommune.

Alle organisasjonane i kommunen vart invitert til frivilligforum i mars der ein både mottek og deler informasjon om aktuelle tema i kommunen. Anna Margrethe møtte.

Fjord kommune er ein av fem kommunar i fylket som har politisk verkstad med møteplikt for kommunestyret, dei ulike råda, tillitsvalde og leiargruppa. Som medlemmer i rådet for menneske med funksjonsnedsettingar deltok Anna Margrethe og Ingrid Løset.

På kurset *Likepersonsarbeid i lokallaga* i april i Molde deltok Ingebjørg og Anna Margrethe.

Medlemsmøte med tema

I alle år har vi oftest medlemsmøte andre tysdagen i månaden, unntake i februar då det er årsmøte og i oktober då vi markerer Verdensdagen for psykisk helse. Møta er opne for alle, også ikkje medlemmer som er interesserte i temaene og det vi driv med. .

Invitasjon/orientering vert lagt ut på nettsida og FB. Nokre møte vert avertert og omtala i SN og BB. Nedanfor er medlemsmøte med tema nemnt.

April: Bjørg Jacobsen orienterte om Fjord kommune si nettside og *Opplevfjord.no*. Der ligg planlagde aktivitarar som arrangørane sender inn.

Mai: Lena Tronstad om har budd og arbeidd på Svalbard, synte bilde og fortalte om Svalbard.

August: Sommarfest der Bodil Grindvik Uri frå Skodje Teaterlag kåserte om veret.

September: Else Karin Lied som har arbeidd ved sjømannskyrkjer i Dubai og Thailand synte bilde og fortalte.

November: Haustfest. Ingebjørg synte bilde og fortalte om ein tur i Lofoten.

Aktivitetar m.m.

Nesten kvar veke når frivilligsentralen er open, var det torsdagstrekk på frivilligsentralen med servering av vaflar og kaffi/te. Oppmøtet er sviktande.

Bading på Muritunet i 7 veker haust og 6 veker vår. Litt ujamt frammøte.

Lesestund på biblioteket i april der bibliotekar Bjørg Moltu las ein novelle som vi samtala om.

Det er lagt opp til fleire turar både i og utanom kommunen nesten kvar veke når det er snøfritt. Eit problem er å finne høveleg turdag. Eit par gongar har vi hatt tur til same mål som LHL.

I oktober reiste 13 medlemmer på operatur til Nordfjordeid og såg musikalen «*Figaros bryllup*».

Som punktum for året 2024 møtte 19 medlemmer på julekonserten *Stille Natt Hellige Natt* med Alexander Rybak, Rune Larsen, Anna Lisa Kumoji og Tor Endresen i Spjelkavik kyrkje i november.

Representasjon

Ingrid Løset er leiar i Mental Helse sitt kontrollutval.

Anna Margrethe sit i fylkesstyret MH Møre og Romsdal og er fylkeslaget sin studieiar, samt sit i kurs- og opplæringsutvalet i Mental Helse sentralt (KUPP). Ho er også studieiar i Studieforbundet Funkis Møre og Romsdal.

På fylkeslaget sitt leiarmøta (der styreleiar og ein frå styret er innkalla) i november på Vestnes møtte Ingebjørg og Anna Margrethe.

Landsmøtet 2022 vedtok at det skulle oppnemnast eit utval som hadde som oppgåve å løfte opp, utgreie og finne faktabasert kunnskap om menn og psykisk helse, kalla Mannsutvalet. Resultatet vart lagt fram på landsmøtet i år. Bjørnar Midtbust var medlem i utvalet.

Framfor landsmøta vert det nedsett eit vedtektsutval som jobbar med vedtekten og legg fram forslag til endringar som til sist vert behandla på landsmøtet. Anna Margrethe var medlem i utvalet.

Brukarmedverknad

Ingrid Løset er brukarrepresentant i Muritunet. Vidare er ho brukarrepresentant i Sjukehusapoteka i Helse Midt-Norge.

Som brukarorganisasjon er det viktig å vere med og utforme/påvirke tenestetilbodet i eigen kommune. Anna Margrethe er medlem og Ingrid Løset varmedlem i *Rådet for personar med funksjonsnedsetting i Fjord kommune*.

Sak til fylkesårsmøtet

MH Fjord spela inn sak om retningslinjer for valkomiteen. Den vart vedteken.

Saker til landsmøtet i Mental Helse

MH Fjord spela inn to saker. Den eine saka gjalt vedtektsendring. Den andre var endring i retningslinjene for kontrollutvalet. Begge sakene vart vedtekne.


Medlemstal og grasrotgjevarar

Medlemstalet pr. 31.12.var 61. 20 har valt MH Fjord som grasrotmottakar. Grasrotmidlane er med og finansierer drifta av laget.

Mental Helse Fjord takkar alle som støttar arbeidet vårt gjennom medlemskap, vel oss som grasrotmottakar, hjelper til med gjennomføring av aktivitetar og deltek på aktivitetane. Alt dette inspirerer til vidare innsats.




Anna Margrethe Draagebø Moe - leiar



Torill Sandvik
Torill Sandvik - styremedlem



Jørunn Vestre - kasserar



Marit Abelvik
Marit Abelvik - styremedlem